

## Friidrett

### *Styret for 2001 har vore:*

Leiar: Sigbjørn Reigstad (01)      Oppmann gutar/jenter: Åse B Rolland (00-01)  
Nestleiar: Mats E Elvik (00-01)      Oppmann senior: Bjarte Lohne (00-01)  
Kasserar: Randi Kleppe (00-01)      Oppmann veteran: Arne Mjelde (00-01)  
Skrivar: Torbjørn Simmenes (01-02)      Økonomiansvarleg: Lillian Reigstad (01-02)  
Vararepr 1: Helga Reigstad (01)      Vararepr 2: Kristoffer Reigstad (01)  
Leiar NM komite: Karl Johan Reigstad (01-etter NM)

I tillegg eg følgjande nemder valde:

Økonominemnd 01: Lillian Reigstad, Randi Kleppe, Inge J Reigstad

Valnemnd 01: Jan Inge Wold, Arne Reigstad, John Bernes

NM-Komite: Karl J Reigstad, Sigbjørn Reigstad, Bjarte Lohne, Arne Reigstad og Vidar Simmenes

### 1. MEDLEMSTAL:

Pr 31.12.01 har gruppa 204 medlemskap, og er med det den nest største gruppa i laget. I 2000 var det 176.

### 2. ADMINISTRASJON:

Styret har i 2001 hatt 8 styremøter og behandla 51 saker totalt. I tillegg har ulike nemnder hatt fleire møte, blant anna i samband med Bruløpet og NM terrengløp

**Representasjon:** Karl Johan Reigstad og Randi Kleppe representerte gruppa ved kretstinget i år.

Geir Kleppe er varamedlem til kretsstyret.

Inge J. Reigstad er i Kretsens startarteam

Karl J. Reigstad var dommar under nordisk landskamp på Fana stadion.

### 3. ØKONOMI:

Som dei siste åra har vaktene på Bergen Travpark (1 gong i veka) vore gruppa si viktigaste inntektskjelde. Då ein ikkje har fått lønnsauke på lang tid, og vaktene truleg medverkar til at ein har vanskeleg for å få folk med på anna dugnad, har det vore diskutert i styret om ein skal halde fram med dugnaden. Eit nytt dugnadstiltak, har i år vore vareteljning på butikk. Det synest dei som er med på er kjekkare enn å stå å frysa på travbana.

For nærare informasjon om inntekter og utgifter, viser ein til rekneskapen

Gruppa har i 2001 hatt samarbeidsavtalar med VestlandsHus/Alf Mjelde, LOBAS og Møller Vital. I tillegg til at K-Bank/Nordea har vore hovudsponsor for hovudlaget.

#### 4. SPORTSLEG RAPPORT:

Det er umogeleg å ikkje nevna navn når ein skal oppsummera ein slik sesong. Det er mange gode resultater, og det er synd at det er så mange som ikkje kjem på trykk.

Det er viktig i denne aldersgruppa å ikkje berre telja poeng og måla alt i meter og sekund. For oss som trener ungar ser at alle er vinnarar kvar einskild på sitt felt. Å ha glede av å driva med friidrett, sjå framgang hos seg sjølv, ha vener på trening og få moegelegheita til å reisa på stevne og møta andre, kan ikkje målast i poeng og gode plasseringar!!

Osterøy IL har gode veteranar både i kvinne- og herreklassen, men det blir færre, i baa klassar. Så vi må setja vår lit til dei nyopptrykka veteranane.

Målet for 2001 må vere å få både gamle og nye veteraner med på stevner og løp. Det gjeld både kvinner og menn.

#### 5. ANLEGGSSITUASJON

Gruppa har som tidlegare år i hovudsak nytta bane og sal på Valestrand, Osterøy Stadion og i Haus. I tillegg blir gruslagte turstiar og traktorveggar rundt om på Osterøy flittig brukt av mellom- og langdistanseløparane. Elles reiser dei ivrigaste hyppig til fastlandet for å trena på fast dekke, då hovudsakleg på Fana, Leikvang og i den såkalla "Walter-tunnelen".

På Hatland er Osterøy stadion kun brukande til springing etter at arbeidet på grasbana byrja i sommar. Vi håpar at det snart kjem i gang arbeid med å leggja fast dekke på bana.

#### 6. KONKLUSJON SESONGEN 2001

Endeleg fekk friidrettsgruppa sitt første NM-gull på seniornivå utendørs. Og ikkje berre det. Brit-Helen tok like godt ein medalje av kvart slag i diverse NM gjennom året. Og i UM strøymde gullmedaljane inn, for første gong på lenge. Og på veterannivå var det og mange gullmedaljar å henta. Sesongen kan godt seiast å vere Osterøys største gjennom tidene. I alle fall på kvinnesida, som endeleg er klare for eliteklassen i Holmenkollstafetten. På herresida har det ikkje vore den heilt store sesongen. Ikkje ein einaste Hovud-NM deltakar, og rekorddårleg tid i Holmenkollen.

Arbeidet med NM har etter kvart vorte ein omfattande del av styremedlemmane si "fritidssysle". NM-komiteen har vore i sving idet siste året med å førebu NM i terrengløp i Mjeldalen. Arbeidet kjem til å halda fram ei stund, og vi får kryssa fingrane for at det vert eit vellukka arrangement, som ikkje vinden set ein stoppar for.

Det har endeleg komme litt nytenkjing inn i styret, etter fleire år med einsformig drift. Klubbutviklingsprosjektet har vore ein viktig grunn til det. Det er innført ei to timars grense på styremøter, og vi har fått ein handlingsplan å gå etter. Det er mange aktive med i styret, og det har både fordelar og bakdelar. Ein negativ ting med det er at det kan gå ut over det sportslege.

Heimesida til Osterøy, som Vidar Simmenes har gjort ein kjempejobb med, har oppretthalde posisjonen som Noregs hyppigast oppdaterte heimeside for friidrett. Sida inneheld blant anna nyhende, resultat, konkurransar og diverse informasjon.

Styret vil med dette takka alle som har vore med og dratt lasset i 2001-sesongen, og vonar de er klare til nye tak i 2002.